



Folketoget på veg mot stemneplassen i fjor (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det justerte programmet 17. mai ifjor var svært vellukka og programmet i år blir i store trekk det samme. Det betyr imidlertid at folketoget skal gå frå Grano, via Dønhaug og Stemneplassen ned til skulen. Elin Enes held tala for dagen i år.

Her er dei viktigaste 'knaggane'

*** 11.15: Gudsteneste i kyrkja med deltaking av Røysterett for alle. Sokneprest Pål Dale og organist Eva Megyesi**

* 12.15: Program ved Grano med deltaking av femteklassingane som les diktet av Olaf Agnar Gausvik. Musikklaget spelar.

* 12.30: Folketoget går etter ruta som er attgjeve ovanfor. Skulemusikken spelar i toget dette året. Toget stansar på Stemneplassen. Cathrine Yri Røssland talar under minnemarkeringa.

* 14.00: Leikar, servering og familiequiz om 17. mai på skulen/Aktivitetshuset

* 15.30: Festprogram i Aktivitetshuset. Elin Enes held tala for dagen. Skulemusikken og musikklaget spelar og Røysterett for alle syng

Av Ola Matti Mathisen



Toget svinger opp mot Stemneplassen i fjor